



## Avtale om kjøp av datamaskin gjennom fylkeskommunal rammeavtale

### 1. PARTAR

Denne avtala ("avtala") er inngått [dato] ("avtaledato") mellom:

Sogn og Fjordane fylkeskommune, org nr NO 941 388 841 ved [namn på skule] ("skulen") og [namn på elev], f dato og personnummer. [Fødselsdato- og personnr] ("eleven")

### 2. FØREMÅL

Føremålet med denne avtala er å regulere eigarforholdet av berbar datamaskin til bruk i opplæringa mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og eleven.

#### 2.1. BRUKSRETT OG EIGARFORHOLD

Det er fylkeskommunen som er eigar av datamaskina. Eleven skal ha bruksrett til datamaskina i tre år medan han er elev/lærling. Eleven/lærlingen overtek datamaskina vederlagsfritt når siste eigendel er betalt.

### 3. DATAUTSTYRET OG PROGRAMVAREN SOM AVTALA OMFATTAR:

Datautstyret og programvaren som vert omfatta av denne avtala, er som skrive under:

HP 6735b med følgende spesifikasjonar:

Prosesser	AMD Athlon DC QL-64
Minne	2 GB
Disk	160GB 5400RPM
Skjerm	15.4 WXGA
Vekt	2,7 kg
Mål (b,d,h)	(356, 265, 34)mm
DVD/CDRW	DVD-RW 8xDVD/24xCD
Batteri	6 celler (ca. 5 t.)
WebCam	Nei
Tal på USB utgangar	4
Utgang til hodetelefon	Ja
Nettverk	10/100/1000 mB kabla 802.11(b,g) Ingen bluetooth

#### 3.1. PROGRAMVARE:

Maskinene vert levert med desse programma ferdig installert. Det skal og leverast ut ein DVD med installasjonsfiler til desse programma.

- Windows Vista Home Basic
- OpenOffice 3 (nynorsk)
- CDBurner XP
- Evernote
- PDFCreator
- PDF SAM
- Adobe Acrobat Reader
- Firefox
- AVG Free (antivirus)
- VLC
- Schockwave
- Flash
- Silverlight
- Java
- Ordnett Pluss
- GeoGebra
- Kalkulator –ParAabel
- Gimp
- Paint.net
- Freemind
- Audacity
- Google Earth
- Google Sketchup
- Picasa
- Photostory
- Paint.net
- FFDshow
- Wxmaxima
- 7-zip
- Halisplitter

#### 4. BETALING

Eleven betalar ein årleg sum tilsvarande lægste stipendsatsen for ikkje-behovsprøvd stipend for bruk av datamaskina (skuleåret 09/10 er dette 820,- kr) i tre år medan ein er elev eller lærling.

Skulen fakturerer eleven forskotsvis ein gong pr. skuleår. Første betaling skal vere ved overdraging av maskin og siste to månader før skuleslutt. Betalingsfrist er 30 dagar. Ved for sein betaling vert det gjeve puring og ved manglande betaling etter puring vert kravet oversend til inkasso.

#### 5. VARIGHEIT OG OPPHØYR

Eleven har bruksrett til datautstyret så lenge han er elev i vidaregåande skule eller er lærling i bedrift. For datautstyr som er omfatta av denne avtala, går avtaleperioden frå avtaledato og i 3 år etter påbegynt opplæring. Dei elevane som går over i lære etter 2 år skal og betale ut maskina etter 3 år. Eleven/lærlingen overtek datamaskina vederlagsfritt når siste eigendel er betalt.

Eleven forpliktar seg til å avinstallere lisensiert programvare ved avslutta skulegang. I utgangspunktet opphøyrer alle lisensar knytt til denne avtala, med mindre anna er skriftlig meldt eleven før avslutta opplæring. Av dei programma som er lista over er det berre Ordnett Pluss som er lisensiert slik. Ved manglande avinstallasjon får eleven det strafferettslege ansvaret for brot på lisensreglane.

Ved frivillig eller ufrivillig avbrot frå vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane, bortvising for resten av skuleåret eller lengre permisjon over seks mnd. frå vidaregåande skule og ved skulegang i utlandet i løpet av dei tre åra, må eleven kjøpe ut datamaskina. Samla betaling skal ikkje overstige tre gongar lågaste stipendsats i det årlege ikkje-behovsprøvd stipendet rekna på avbrotstidspunktet. Eleven har ikkje høve til å levere inn att maskina. Differansen mellom tre gongar lågaste stipendsats på avbrotstidspunktet og innbetalt leige vert fakturert. Fakturaen vert purra ein gong ved manglande betaling og vert oversend til inkasso om puringa ikkje vert betalt.

Elevar som byter skule innan fylket i løpet av opplæringa tek med seg maskina. Resterande beløp skal betalast inn til den nye skulen.

#### 6. GARANTI, TAP OG SKADE

Fylkeskommunen har utvida garantitida til 3 år (unnateke batteriet som har 1 års garanti). Avtala inneber innsending til Atea med retur innan 10-14 dagar. IKT-ansvarleg ved skulen skal på førehand avgjere om maskina skal sendast inn eller ikkje. I denne perioden syter fylkeskommunen (ved skulen) for låne-PC dersom dette er tilgjengeleg. Det er likevel eleven si plikt å halde maskin om skulen ikkje har fleire tilgjengelege maskiner.

Ved tap eller skade på datamaskina eller programvaren, skal det meldast frå til skulen umiddelbart. Tap eller skade som hindrar eleven i å nytte utstyret, frittek ikkje for betaling i samsvar med denne avtala.

Fylkeskommunen (ved skulen) vil ved behov stille låne-PC til rådvelde for eleven inntil taps-/skadesaka er

avklara, dersom slik maskin er tilgjengeleg. Det er likevel eleven si plikt å halde maskin om skulen ikkje har fleire tilgjengelege maskiner.

Ved tap eller skade på datamaskin eller programvare som følgje av aktløyse eller forsettleg handling frå eleven si side og som ikkje vert dekt av garanti, er eleven økonomiske erstatningsansvarleg for tapet eller skaden.

## 7. BRUK OG VEDLIKEHALD

Fylkeskommunen sitt IKT-reglement og skulen sitt ordensreglement gjeld fullt ut i den tida ein er elev i vidaregåande skule. Brot på plikter etter denne avtala eller desse reglementa vert handtert etter skulen sitt ordensreglement. Brot kan og få konsekvensar ved fastsetjing av ordenskarakteren. I tillegg gjeld følgjande punkt:

- Maskina skal handsamast som eleven si eiga. Eleven pliktar å ha maskina i stand til ei kvar tid og må sjølv ta ansvaret for dagleg drift og vedlikehald.
- Eleven har alt ansvar for data som er lagra på den berbare maskina.
- Fylkeskommunen vil tilby lagringsplass på server som vert tilgjengelege frå eigne nett og internett. Alt som vert lagra på dette nettet vil fylkeskommunen ta sikkerheitskopi av.
- Eleven pliktar til ei kvar tid å ha oppdatert antivirusprogramvare på maskina. Om eleven ikkje har dette kan skulen nekte å la eleven bruke maskina under prøver/eksamenar. Eleven vil då ikkje få tilbod om anna maskin. Fylkeskommunen vil tilby nedlasting av gratis antivirusprogram som er anbefalt og godkjend.
- Eleven pliktar å følgje skulen sitt ordensreglement med omsyn til bruk av PC.
- Fylkeskommunen skal ikkje melde maskinene inn i domene og skal heller ikkje ha service/driftsansvar for desse.
- Typebetegnelse, fabrikkasjonsnummer, OEM-lisens og fylkeskommunal merking mm. som tener til identifikasjon av datamaskina skal ikkje fjernast.

## 8. ENDRINGAR OG OVERDRAGING

Eventuelle endringar i denne avtala gjeld berre dersom desse er skriftlege og underskrivne av partane. Partane har ikkje rett til å overdra denne avtala til ein tredjepart utan skriftleg samtykke frå den andre part.

Avtala er skriven ut i eitt eksemplar til kvar av partane.

[Eleven sitt namn]\*

[Skule]

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\* Om eleven er under 18 år, må denne avtala og underteiknast av eleven sine føresette.

[føresette sine namn]

[signatur føresett]

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_